

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skolen, som er avgjerande.

Skolen har ei aktivitetsplikt

Alle som jobbar på skolen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen på skolen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han

- gripe inn mot krenkingar om det er mogleg
- alltid seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen skal få det trygt og godt på skolen. Dette kallar ein for aktivitetsplikta til skolen.

Kva om ein elev blir krenka av ein tilsett på skolen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenka av ein lærar eller andre som jobbar på skolen, har skolen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Det er strengare krav til å varsle, undersøkje, og sette inn tiltak. Rektor må òg varsle skoleeigar (kommunen), som vil følgje opp saken vidare.

Dersom det er ein i leiinga som står bak krenkingane, skal skoleeigaren varslast direkte.

Melde saka til statsforvaltaren

Dersom du eller barnet ditt meiner at skolen ikkje har gjort nok for at eleven skal ha eit trygt og godt skolemiljø, kan du melde saka til statsforvaltaren. Før du melder saka til fylkesmannen:

- må du ha tatt opp saka med rektor på skolen
- må det ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor

Saka må i tillegg gjelde skolemiljøet på den skolen eleven går på no.

Er det helt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med statsforvaltaren. Du må ta kontakt med Statsforvaltaren i det fylket du bur. Du finn ei oversikt på www.statsforvalteren.no, under fana «Vel embete».

Kva kan statsforvaltaren gjere?

Statsforvaltaren skal vurdere om skolen har gjort det dei skal, og dei kan bestemme kva skolen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren skal setje ein frist for når tiltaka skal gjennomførast og følgje opp saka.

Dei kan òg gje bøter dersom skolane ikkje følgjer opp.

Informasjon til barn, unge og foreldre om mobbing og rettar

På www.nullmobbing.no finn du informasjon om kva rettar elevar og foreldre har, og kva ein kan gjere dersom ein elev opplever å ikkje ha et trygt og godt skolemiljø.